

**Frå:** Ole Martin Bolset  
**Send:** torsdag 18. august 2022 13:48  
**Til:** Mai Cecilie Stabell; Tommy Guldbrandsøy  
**Emne:** 22/61799 Tilbakemelding - Reguleringsplan for Eikanger Næringsområde - planID 1263-201114  
**Vedlegg:** Tilbakemelding - Reguleringsplan for Eikanger Næringsområde - planID 1263-201114.pdf

Sjå vedlegg.

Hei!

I går fekk eg inn tilbakemelding frå Statens vegvesen på vår førespurnad.

Statens vegvesen deler Alver kommune si oppfatning om at resterande del av regulert gang- og sykkelveg ikkje var meint å inngå som del av rekkjefølgjekravet til opparbeiding i samband med utbygginga av næringsområdet.

Administrasjonen ved Alver kommune sitt forslag til vegen vidare er følgjande:

Ein endrar kun planføresegn, og vidare må ein endre planføresegn 1.4.7:

Eksisterande § 1.4.7:

*«Delområda KBA1 og KBA2 kan byggast ut før gang- og sykkelvegen vert opparbeidd og teken i bruk.»*

Eksempel på nytt § 1.4.7:

*«Gang- og sykkelveg langs E39, frå tilgrensing til o\_V2, sør i planområdet, og fram til og med busshaldeplass i nordgåande retning skal vere opparbeidd og teken i bruk før delområda KBA3 og KBA4 kan byggast ut.»*

Vidare må denne endringa inkorporerast i planskildringa.

Eg har hatt dialog med SVV på telefon, der dei verka positive til å kun revidere føresegn, og la plankart vere urørt.

Vår vurdering per no er at ein treng ikkje å sende dette ut på ei ny begrensa høyring. Når de har gjennomført endringane i føresegn og planskildring, sender de over alle dokument til handsaming til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

**Ole Martin Bolset** | Rådgjevar planforvaltning

Telefon: 453 77 397

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE